



*Tekst & musikk*

**FREDDIE  
LANGRIND**

## KJEMPEVISE

*Otte markerer sin styrke i møtet  
med sin svigerson Hallstein*

Det hender at dagane styrer mot fall  
og krev at ein viser sin styrke, sin styrke.  
Det skjedde i marka at alt gjekk i ball,  
vi rydda eit jorde å dyrke,  
der låg ein kjempestein,  
måtte få han vekk, men tida gjekk,  
dei flaug her og fomla og farka  
mens eg lyfta steinen,  
mens eg lyfta steinen frå marka!

Eg trygger vår framtid med skog og med mold,  
det vil seg når eg hever handa, hever handa.  
Tru ikkje at marka tilfeldig gir foll  
og lada di bognar av manna.  
Ein stein, ein kjempestein,  
måtte få han vekk, men tida gjekk,  
dei flaug her og fomla og farka  
mens eg lyfta steinen,  
mens eg lyfta steinen frå marka!

Med never og vett skal eg byggje mitt land,  
det finst ingen snarveg i sporet, i sporet;  
ein mann er ein mann, er ein mann, er ein mann,  
eg fann meg ein stein på eit jorde.  
Ein stein, ein kjempestein,  
måtte få han vekk, men tida gjekk,  
dei flaug her og fomla og farka  
mens eg lyfta steinen,  
mens eg lyfta steinen frå marka!